



Balanserer jobb og fritid

Familien Slethei har investert og auka produksjonen i fleire omgangar. Men garden vert aldri viktigare enn fritid og lag med gode vener.

► Liv Kristin Sola

Det er ein av svært få dagar med steikande sol. Arne Slethei byr på kaffi på terrassen. Ikkje lenge etter står far, Jan Erling Slethei, i døra.

Jan Erling var nitten år då han mista faren. Han hjelpte mor si nokre år, før han og kona Ingvild overtok i 1971. På garden var det 12-15 kyr og seks-sju suger. Jord hadde dei meir enn nok av, og produksjonen omfatta 10-15 dekar med gulrot.

– På syttitalet begynte bøndene å spesialisera seg. Me slutta med gris og satsa meir på mjølk, men investerte ikkje slik det blir gjort i dag. Me var oppdratt til ikkje å setja oss i gjeld, forklarar Jan Erling.

Smitta av kompisane

Etter mest tre tiår som bonde, begynte Jan Erling å bli litt lei. Bonden hadde teke arbeid som murar utanom garden, og var klar til å gi frå seg drifta. Men då tema først kom på bannen, var det Arne som tok initiativet.

– Eg var 26. Anne Gunn og meg hadde bygd hus på garden. Mange av kompisane mine hadde, eller var i ferd med å overta heimegardane, seier Arne.

Odelsgutten blei inspirert av kameratane og tok turen heim til far og

Viktige for drifta og for kvarandre:

Jan Erling (f.v.), Jøran, Ingvild, Arne, Janne Marie og Anne Gunn.

mor for å luften spørsmålet om overtaking.

– Prosessen gjekk så fort at ingen fekk tid til å trega, fleiper Jan Erling, som då var 52 år og freista nokre år som lønsmottakar med regulert ferie og fritid.

Lyden av maskinar

Ein bil bremsar opp i gardsrommet. Eldstesonen Jan Einar er heime. Han har nett teke til i lære som anleggsmaskinmekanikar på verkstaden til Avinor.

– Eg har alltid likt å skru, seier nitteåringen, og slår seg ned på terrassen.

Han er glad i maskinar, og trivst i gravemaskinen og i hjullastaren.

Anne Gunn og Arne Slethei og barna Jan Einar (19), Janne Marie (17) og Jøran (14) driv med mjølk, kjøtt og egg i Time kommune, i Rogaland. Anne Gunn jobbar fulltid som lærar på Klepp barneskule. Arne er bonde på heiltid. Familien har god hjelp av Arne sine foreldre, Ingvild og Jan Erling Slethei.

Då Anne Gunn og Arne overtok i 1997, omfatta drifta 80.000 liter i mjølk i bås-fjøs og framføring av kviger og oksar. I 2002 investerte dei i hønehus og egg-

produksjon. Mjølkekvota auka og bås-fjøs vart bygd om med plass til fleire ungdyr. I 2014 auka dei kvoten og bygde robotfjøs med plass til 48 kyr. I dag består buskapen av 34 kyr pluss ungdyr. Frå neste år er kvoten på 340.000 liter.

I tillegg til storfe og 7500 høns, har familien fem søyer. Dei disponerer 300 dekar dyrka jord og 45 dekar beite rett utanfor fjøsdøra.



– Det er lyden, seier ungdommen, om kvifor han er så fasinert.

– Jan Einar har ikkje gått glipp av mykje traktorarbeid sidan han var i stand til å sitte sjølv, fortel Arne.

Jan Einar ser føre seg å overta ein dag, då foreldra vil gje seg. Dei siste åra har han arbeidd som avløyssar i båsfjøs for å få meir erfaring.

Frå bur til fritt

Etter at Anne Gunn og Arne tok over garden i 1997, fortsette dei å utvikla garden. Fjøset blei bygd om med plass til fleire ungdyr.

– Tek du til å bygge, er det ikkje lett å stoppe, kommenterer Arne.

– Anne Gunn har vore ein stor pådrivar for utviklinga på garden, seier Jan Erling. – Ho har full jobb utanom bruket, men er ein viktig supporter og støttespelar, legg svigerfaren til.

I 2002 investerte dei i hønehus med plass til 5000 høner. Dei var blant dei siste som sette inn bursystem tilpassa tre høner per bur. Ti år etter måtte dei bygge om, og valde å satse på frittgåande (aviar). Med denne løysinga kunne dei auke talet på høner frå 5000 til 7500. Dei måtte få inn to ekstra vifter og investerte samstundes i pakkemaskin. Heile ombygginga kom på ein million.

– Me har aldri angra på at me valde frittgåande. Det fungerer bra hjå oss. Eg vil heller seie at hønene ser betre ut no enn dei gjorde i det gamle systemet, seier Arne, men understrekar at han ikkje har noko formeining om kva andre bør velja.

– Me ser litt ekstra etter dei første dagane, men hønene er vane med å gå fritt når dei kjem. Oppdrettarane gjer ein god jobb, skryter bonden.

Han får eit samtykkande nikk frå



Tre generasjonar: Garden har vore i familien sidan 1863. Jan Einar (t.v.) Jan Erling og Arne er tredje, fjerde og femte generasjon på garden.

kona, Anne Gunn, som har kome heim frå arbeid. Dei to yngste i søskenflokket, Janne Marie og Jøran, har også funne seg ein plass på terrassen.

Kvalitetstid i pakkeriet

Bestemor og bestefar har jobben med å sortere og pakke egg. Dei er tidleg i gang og får ofte hjelp frå barnebarna.

– Dagen er best frå morgonen av, seier bestemor, og kikkar på Janne Marie.

Smilet røper at barnebarnet ikkje alltid er like eining. Men ho likar seg i pakkeriet i lag med bestemor. Det gjer også Jøran, spesielt når bestefar er med. Då får dei song til arbeidet.

Janne Marie er i gang med andre året på studiespesialisering. Mykje av fritida går med til handball. Litt tid til jobb i butikk finn ho også plass til.

Yngsteguten Jøran har akkurat blitt fjorten. Fotball er den store interessa. I sommar fekk han med seg resten av familien på fotballcup i Danmark. Ein strek i rekninga var at han sjølv ikkje fekk spele på grunn av ein

brekt arm. Kan hende var det endå verre at han, av same årsak, måtte sjå på når resten av gjengen drog i gang med andre slåtten.

Heldig med jorda

Familien Slethei er blant dei få som i skrivande stund har fått andre slåtten under plastikk. Dei rakk å hauste førsteslåtten før sommaren viste seg frå si blautaste side. Det gjorde at dei kunne nytte nokre få godvêrsdagar i starten av juli til å hauste andreslåtten.

– Når vêret drar seg til kan eg ikkje sitte å vente, kommenterer Arne.

Av ein nabo leiger dei jord og kvote. Av ein annan nabo leiger dei jorda. Alt på same side av riksvegen. Arne veit han er heldig.

– Jorda er bra her på garden. Flate teigar og mykje sandinnblanding gir god drenering og lite trong for grøfter, seier Arne.

Generasjonsavstand:

– Passe lang, men nært nok, seier Ingvild og peikar på kårhuset på garden.



Ein festdag

Dei slår sjølve, men leiger sjølvgåande snittar og ein hjullastar til å trække stakken. Ekstra hengingar låner dei av naboar. Jan Einar og kompisane hans køyrer graslass heim.

– Slåtten er festdag her på garden. Store maskinar, mykje folk, forventning og god stemning, skryt og røvarhistoriar sit laust blant sláttekarane, seier mor på garden.

Slåtten tek ein dag. Når plastikken er på, er det tid for eit skikkeleg måltid. Gjerne grilling. Mette og mannsterke er dei klare til å dekke stakken med dekksider.

Pløyer for høg avling

Strategien er å pløye ofte for å oppretthalde eit høgt avlingsnivå.

– Eg går ikkje på kompromiss med avlingsmengda. Det hender eg sår i litt raigras for å dryge enga eit år ekstra, men ikkje mange teigar vert eldre enn fire år, seier Arne.

I lag med fôringsrådgivaren hjå Tine tek dei analysar av grovfôret, vurderer type og mengde kraftfôr, og setter opp ein fôrplan for vinteren.

Gjeldsspøkelset

Alle barna viser interesse for garden. Det var ein viktig motivasjonsfaktor då dei bestemte seg for å bygge robotfjøs.

– Me såg ikkje føre oss å gje garden vidare utan å ha investert i ei moderne driftsbygning, seier Arne.

Medan dei sysla med tanken om å bygge, fekk dei leige mjølkekvoten hjå naboen og auka produksjonen til 180 tonn. Før innflytting var kvoten 300.000. Fôrgrunnlaget er 300 dekar, alt nær garden. I tillegg har dei 42 dekar innmarksbeite.

– Me hadde eit godt grunnlag for å investere, seier Arne, men innrømmer at tanken på å sette seg i stor gjeld var det vitigaste argumentet mot bygging.

Lære av andre

Søknadsprosessen tok litt tid. Byggestart vart juni 2014. I mai året etter tok dei fjøset i bruk og flytte inn 23 mjølkekyr. Dei kjøpte nokre kyr, samt tolv drektige kviger frå ein bonde som hadde seld mjølkekvota.

Mange naboar og vener hadde bygd nytt, og hadde erfaringar med ulike imek-løysingar. Arne og Jan Einar var på besøk i fleire fjøs før dei bestemte seg for løysingar. Dei ville ha alle dyra i eitt bygg, inkludert oksane. Dei valde velferdsavdeling, tre liggebåsrekker, kraftfôrstasjonar, brei fôrgang og fôring med avlessarvogn.

– Med finsnitte gras og første- og andreslått lagvis i plansiloen, vert fôringa jamn og stabil gjennom heile vinteren, frå oktober til april, forklarer Arne.

– Me hadde ei fullfôrvogn heime på prøve. Men med ei slik investering måtte me i tillegg ha kjøpt ein ny og

større traktor for å drive vogna, legg han til.

Ein Lely Vektor med vatn reingjer spaltene ein gong i timen. Ein Discovery gjer jobben med å skubbe grovfôret inn mot fronten. Slik har kyrne alltid tilgang til fôr. Prisen kom på rett under ti millionar. Frå Innovasjon Norge fekk dei 850.000.

Skrur ikkje opp produksjonen

Fjøset er plassert på beitet. Det er berre å opne porten og sleppe ut kyrne.

– Talet på mjølkingar vert redusert frå rundt 3,3 – 2,9, men det er ikkje så viktig. At dyra har tilgang til grønt gras er viktigare enn høg yting, i vårt system, er Anne Gunn og Arne samde om.

– Me kunne skrudd på nokre skruer og auka kraftfôrmengda, og ytinga, seier Arne.

Tal frå 2016 viser 41 årskyr og ein avdrått på 7800 kg EKM, med 4,42 prosent feitt og 3,34 prosent protein.

Arne trur kapasiteten i fjøset kan vere 500.000 liter, men då ville drifta vore heilt annleis. I tillegg måtte dei reist lengre etter fôr.

– Det vert ikkje aktuelt for oss. Overordna mål for drifta er å fylle mjølkekvota, seier bøndene.

Oksane vert slakta rundt 19 månadar gamle. I 2016 var snittvekta på 338 kilo, noko som svarar til 530 gram tilvekst per dag.

Arbeidet er overkommeleg for ein person, med litt hjelp frå resten av

Kvalitetstid: I pakkeriet er det dei yngste og dei eldste på garden som råder. Her deler dei tankar og historier, medan egga vert pakka. Janne Marie, Jøran og Ingvild.

Hold avstand: Kjøttproduksjonen gir eit godt tilskot til økonomien på garden.





Oversikt: Kaldfjøset er delt inn i ei velferdsavdeling bak mjølkeroboten, og sinkuavdeling i motsett ende på kusida. Kviger og oksar på andre side av fôrbrettet. Kyrne har tilgang til beite frå roboten.

familien. Dei prioriterer friske dyr, ein triveleg arbeidsplass og passe nok arbeid slik at det vert tid til fritid og aktivitetar utanom drifta. Livet som bønder skal ikkje vere eit kappløp med tida i kampen mot stadig høgare måltal. Men dei har kontroll. Drifta gir resultat og investeringa løner seg.

– Helsemessig var det ein stor forbetring å flytte inn i det nye fjøset, seier Anne Gunn, og viser til betre luft, betre plass, mindre fysisk arbeid og ein meir fleksibel kvardag.

Opne dører

Å sitje i ro er ikkje deira stil. Familien er blant anna engasjert i handball og fotball. Om vinteren reiser dei til Sirdal for å gå og stå på ski. Dei tek seg gjerne ein tur til gode vener, eller reiser ut på ulike arrangement.

– Det er fullt rundt bordet i det store kjøkkenet når grauten vert servert om laurdagen, fortel Ingvild.

– Måltidet er viktig. Me prøver å eta i lag, og har mat nok til alle, seier mor i huset.

Ho er oppteken av norsk mat og at maten er produsert på ein skikkeleg måte. Det inkluderer også godt dyrehald.

– Det er kjekt å vise fram god dyrevelferd, seier Anne Gunn, som gjerne inviterer elevar frå skulen til gards for å sjå på drifta.

Det viktige nettverket

Omgangskretsen til Ingvild og Jan Erling hadde barn på same alder. Det same har Arne og Anne Gunn. No er det ungdommane som utviklar nye venskap i tredje generasjon.

Arne og kameratgjengen som møtes annan kvar fredag føremiddag. Dei kallar det frukostgjengen.

– Det fungerer som eit sikringsnett. Bondeyrket kan vere einsamt. Det er viktig å ta vare på kvarandre, seier Anne Gunn.

Venskapet er sterkt. Dei treng ikkje snakka høgt om det, men merkar når ein av gjengen kan trenga eit besøk på tomannshand. Berre ein tur innom i døra for å vise at dei er der for kvarandre. Eller ei handstrekning frå gjengen når det trengst.

Familiedrift

Arne klarer den daglege drifta utan innleidd arbeidshjelp. Barna er til god hjelp. Det same er Ingvild og Jan Erling. Anne Gunn understrekar kor viktig nærleiken til besteforeldra er, ikkje minst for barna.

– Når me var «dumme», flykta dei til besteforeldra for litt bestemor-omsorg og eit godt måltid. Det har gjort kvardagen rikare, seier Anne Gunn.

Svigerforeldra har klart balansen mellom å vere nok til stades, men ikkje for mykje.

– Me må vere rause og fleksible og sjå fordelane med at fleire generasjonar bur nært, seier Anne Gunn. Svi-germor Ingvild nikkar.

Kort avstand: Kviger og kyr deler på beitet som ligg rett utanfor fjøsdøra.

